Vestland fylkeskommune

Avdeling for
**Infrastruktur og veg (INV)**

| | |
|---|---|
| **Dato** | 20.10.2023 |
| **Vår referanse** | 2023/77193-2 |
| **Dykkar referanse** | |
| **Sakshandsamar** | Lillian Bakke Byrknes |
| **E-post** | Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no |
| **Telefon** | 45638702 |

INGMAR KÅRE NORDANGER
MYKINGVEGEN 260
5913 EIKANGERVÅG

# Ber om fleire opplysingar - Søknad om ny avkøyrsle - fv. 5464 - gnr. 209 bnr. 3 - Alver kommune

Vi viser til søknad om avkøyrsle mottatt 20.09.23. Søknaden gjelder opparbeiding av ei ny avkøyrsle til landbruk- og skogsveg.

Det tok noko lengre tid å gje tilbakemelding då vi skulle på synfaring 12.10.23 og ville sjå på dette punktet for avkøyrsle samstundes. På synfaringa målte vi sikt og såg på forhold på staden.

Vi meiner teikninga for avkøyrsla som er sendt inn vert eit stort terrenginngrep og vi meiner det kan vera mogleg å få til ei mindre avkøyrsle. Vi ber difor om nye teikningar som viser ei avkøyrsle med svingradius R=9, og så må siktsonene vera teikna innanfor vegbane på situasjonskartet.

Det er opplyst i søknaden om at du har fått godkjent jordtipp og difor skal bygge landbruksveg. Vi ber om å få tilsendt godkjenninga på jordtipp og vi ber om å få eit anslag på kor mange køyretøy og kva type køyretøy som skal nytte denne avkøyrsla.

Oppdaterte teikningar og informasjon sendast til post@vlfk.no og marker e-posten med saksnummeret i dette brevet.

Med helsing

**Kari Elster Moen**
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| ALVER KOMMUNE | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |